



IHM

info

Indre Hordaland Miljøverk Informerer – Mars 2005

Hyttepåske!



Påsken står for døra, og det er høgsesong for hytteliv på fjellet og ved fjorden! Med dette følger også utfordringa med å halde det reint og triveleg rundt hyttecontainerane og bosbuene. Det er viktig å plassere avfallet i containerane og bosbuene og ikkje utanfor. Nokon set frå seg boset utanfor sjølv om det ikkje er fullt. Då er det lett for nestemann som kjem å tru at det er fullt, og halde fram med å plassere boset på utsida av containerane og bosbuene.

På heimesidene våre www.ihm.no finn du ei oversikt over kvar alle hyttecontainerane er plasserte.



Ill.: Solveig Andersen, IBOX AS

Bygdastølen i Myrkdalen.
Foto: Svein Ulvund



IHM, saman med utbyggjar, er i gang med å etablere miljøstasjonar i dei større hytteområda i regionen. Førabels er det berre Mjølfjell som har ferdig miljøstasjon, men Voss Fjellandsby i Myrkdalen, Bavallstunet fritidssenter, samt Maurseth i Eidfjord som er under utbygging, har alt tilbod om å kjeldesortere papp og papir, glas- og metallemballasje, bio- og restavfall.

Hytteabonnentar utanfor desse områda, som har anna enn restavfall, får levere det på miljøstasjonen i kommunen. Her kan ein levere farleg avfall som til dømes måling, lim, lakk, beis, olje og sprøytemiddel, elektrisk og elektronisk avfall, plast, glas- og metallemballasje, papp og papir, jernskrap, trevirke og hageavfall.

Miljøstasjon ved Voss Fjellandsby i Myrkdalen.



Vårrydddeaksjon!

Les meir om vårrydddeaksjonar i samband med Hald Noreg reint kampanjen på side 2.



haldNoregreint

Tre år med innsamling av plastemballasje frå hushald!

I mars er det tre år sidan IHM starta eigen henteordning for plastemballasje frå hushald. Ordninga har vorte populær, og vi får stadig positive tilbakemeldingar. Dei som sorterer ut plast, er overraska over kor stor andel av restavfallet dette utgjer.

Sjå side 3.

Myrkdalen skule vann 5000 kroner for bretteinnsats!



Les meir på side 4.

Granvin og Ulvik: Utsending av renovasjonsgebyr frå IHM

Les meir på side 4.

Adresse: Postboks 161, 5701 Voss
Kontor: Bjørkemoen 60, 5700 Voss
Telefon: 56 52 99 00
Telefax: 56 52 99 01
E-post: ihm@ihm.no
Heimeside: www.ihm.no



**Indre Hordaland
Miljøverk**

er eit interkommunalt avfallsselskap for kommunane Eidfjord, Granvin, Jondal, Ullensvang, Ulvik og Voss.

Redaksjonskomité:

Kåre Flatlandsmo, dagleg leiar
Helen K. Søybye, kontorleiar
Gunnar Bråten, driftsleiar
Ellen T. Astrup, leiar info og miljø

Leiaren

Forsøpling

Når over tjue landsdekkande organisasjonar slår seg saman og startar aksjon mot forsøpling, meiner avfallsbransjen at det er viktig å vere med. Forsøpling av det offentlege rommet breier om seg. Kanskje har me fram til no sett på dette som eit byproblem, noko som ikkje direkte kjem oss ved, men slik er det ikkje lenger.

Stadig fleire er på farten, får ein godt emballert matbit undervegs, og sit etter ei stund med eit avfallsproblem. Me ser det ikkje berre langs vegane, i gatene og i friluftsområda, men etter kvart også ute i naturen. Og dette er berre eitt av mange døme som kan trekkjast fram. Framover denne våren vil det verte sett i verk ryddedugnader over heile landet, og IHM vil vere med å støtte opp om dei lokale aksjonane slik det har vore gjort også tidlegare.

Ved å setje fokus på rydding og forsøpling er det å håpe at det også gjer noko med haldningane våre. Det er utriveleg når søppelet flyt – det meiner dei fleste. Lat oss gjere noko med det, ta opp temaet når du les eller høyrer små drypp i media framover våren. Ta del i dugnaden og sei di mening! Skal dette bli meir enn eit skipper-

tak, må haldningar endrast.

Kåre Flatlandsmo

kaare@ihm.no



Vårrydddeaksjonar

Like sikkert som at våren kjem, kjem og «gamle synder» til syne når snøen smeltar. Gater og torg, vegkantar, strender, skogs- og fjellområde er ikkje alltid slik vi ønskjer å finne dei etter ein lang vinter. Skal ein ferdast ute i det fri, er det ikkje kjekt om det ser ut som ein svinesti. Kvar vår er det mange som tek del i ryddeaksjonar, enten det er gjennom burettslag, velforeiningar, idrettslag eller skular.



haldNoregreint

Denne våren vil IHM i samarbeid med kommunane, Statens Vegvesen, tur- og utferdslaga, Naturvernforbundet, speidarane og skulane i regionen satse litt ekstra på å få til ryddeaksjonar i samband med den nasjonale dugnaden mot forsøpling: «Hald Noreg reint». For å få til eit skikkeleg løft, planlegg avfalls-selskapa og kommunane ei felles markering på Vestlandet fredag den 22. april. Då vert det ulike arrangement rundt om, frå Blekkulf som ryddar i fjøra, til turlag som går ryddemarsjar og skuleelevar som gjer nærområda sine trivelege.



Foto: Thor Brødreskift

IHM vil saman med Voss Kommune og Statens Vegvesen stå på stand i Voss sentrum denne fredagen. Her kan du få vite det du treng om «Hald Noreg reint» kampanjen.

Kampanjen har to hovudbodskap. Det fyrste er å la vere å kaste. Det andre er å rydde opp det som er kasta. I tillegg vert det i kampanjen fokusert på å nytte ordningane som finst for kjeldesortering og gjenvinning av avfall.

Alle skular får brev med invitasjon til å delta på ryddedugnad og spørjekonkurranse. Her er det premiar å vinne! LOOP tilbyr eit aktivitetssopplegg som legg til rette for at skulane kan nytte ryddedugnadane også som undervisning. Gå inn på <http://miljolare.no/holdnorerent>.

Alle velforeiningar, burettslag, idrettslag, skular og andre som har lyst til å arrangere ryddedugnad, kan kontakte IHM for å få utdelt bossekker og hanskar, og avtale levering av bos. Dei kan og få informasjonsmateriell til bruk før, under og etter ryddedugnaden, slik som tipshefte, klistremerke, plakatar, oppslag, løpesetar og diplom. Ting på [materielle@holdnorerent.no](mailto:materiell@holdnorerent.no)

Lukke til i kampen mot forsøpling!

ellen@ihm.no

Positive til kjeldesortering

Ni av ti nordmenn er positive til kjeldesortering og åtte av ti trur at det dei leverer vert til noko nytt. Dette går fram av ei fersk meiningsmåling utført av MMI for retursamarbeidet LOOP.

Tala er blant dei mest positive som er målt på dette området, og er eit godt utgangspunkt for å oppnå endå meir gjenvinning enn i dag.

IHM prøver å leggje til rette for at folk i regionen kan levere kjeldesortert avfall på ein enkel måte. Leverer du sortert papp, papir, drikkekartong, plast, glas- og metallemballasje, matavfall og anna til IHM, vert dette vidaresortert og levert til gjenvinningssystemet. På denne måten vert avfall omgjort til råvarer som kan nyttast til nye produkt. Farleg avfall vert teke hand om på forsvarleg måte slik at dette ikkje forureinar naturen. Ved å kjeldesortere kan alle gjere ein innsats for å skape eit betre miljø.

Kjeldesorter – det nyttar!



ellen@ihm.no

Gamle sykklar kan bli til nye sykklar!

Kjeldesortering av plast – det nyttar!

Har du tenkt på kor mykje plastemballasje du kastar i løpet av ei veke? Mykje av det vi handlar i butikken er pakka i ei eller anna form for plast - dette gjeld både matvarer, møblar, leiker og klede. Til og med aviser og blad kjem stadig oftare i plast.

Dersom du sorterer ut plast som påleggsboksar, yoghurtbeger, såpeflasker og plastfolie, vil du sjå kor lite som vert igjen i restavfallsdunken.

Plasten frå hushalda i våre kommunar vert samla på Bjørkemoen, før transport til Norsk Gjenvinning sitt anlegg på Sotra for sortering og pressing. Plast av god kvalitet vert materialgjenvunne, og får nytt liv som møblar, leiker, fleceklede, bereposar, avfallssekker o.s.b. Den dårlegaste plasten går til kjemisk gjenvinning i Tyskland. Dette vert og rekna som materialgjenvinning.

I tillegg til dei gode grunnene for å kjeldesortere som er nemnd her, kan kjeldesortering av plastemballasje kanskje vere det som skal til for at du skal kunne redusere hentefrekvensen på restavfallstøminga og oppnå lågare avfallsgebyr?

ellen@ihm.no



Plastemballasjen frå hushalda vert samla på Bjørkemoen, før transport til Norsk Gjenvinning sitt anlegg på Sotra for sortering og pressing.

Foto: Ellen T. Astrup

Sekk til innsamling av plastemballasje

Bruk den spesiallaga blanke sekken med IHM-logo på til å samle plastemballasje i. Sekken er laga slik at du kan knyte godt igjen på toppen. Den er og gjennomhola av små hol, slik at den tåler presset den vert utsett for i bosbilen. Dersom andre sekker vert nytta, kan dei sprekkje slik at plasten vert blanda med papiret, og det vert ein umogeleg sorteringsjobb. Renovatørane kan difor ikkje ta med seg slike sekker sjølv om dei er fulle av plast!

Dersom du treng nye sekker, kan du henge lapp med melding på papirdunken når du set dunken fram. Hugs å ta omsyn til værmeldinga!

Du kan og få ny rull med sekker på teknisk kontor, tenestetorget eller miljøstasjonen i kommunen eller på kontoret til IHM på Bjørkemoen.

Sekken vert sett ut samstundes som papirdunken før kl. 07.00 hentedagen. Vent til neste papirhenting dersom sekken ikkje er full.

Knyt sekken godt att – dobbeltknote med handtaka på sekken.



Einar Skeie: Slik skal det vera!

Ikkje slik!



Foto: Gunnar Bråten

Foto: Ellen T. Astrup

Renovatørane slit med at enkelte knytter sekken for plastemballasje fast i papirdunken. Dersom det er trøng for å sikre sekken mot vind, kan eit godt råd vere å leggje ein stein oppå sekken, sette eit av hjula på eit hjørne av sekken eller klemme sekken fast mellom dunken og eit gjerde eller liknande.

ellen@ihm.no

Dette kan du ha i sekken:

Plastflasker, -kanner, -øskjer, -boksar, -beger, -folie og bereposar. Nå kan du og ha chips- og kaffiposar i plasten!

Plastflaskene og korkane er av ulike type plast og må difor sorterast frå kvarandre før gjenvinning. Avskrudde korkar lettast arbeidet for dei som står ved sorteringsbandet. Hugs å skylje bort matrestar for å unngå luktplager heime og på sorteringsanlegget.

Dette skal ikkje i sekken:

Tilgrisa plast og plast som ikkje er emballasje (leiker, hagemøblar, kulepennar o.s.b.)

Informasjonsbrosjyre finn du på heimesida vår www.ihm.no. Har du spørsmål, ta kontakt med IHM tlf. 56 52 99 00 eller gå inn på plastretur sine internettsider www.plastretur.no

Tal for innsamling av plast i IHM 2004:

Hushaldningsplast:	110 tonn
Folie frå næring:	50 tonn
Landbruksplast:	70 tonn

Myrkdalen skule vann 5000 kroner for bretteinnsats!

I haust fekk alle barneskulane i Noreg plakatar med bretteillustrasjonar og invitasjon til å delta i Returkartong sin konkurranse: «Skyll, brett og stapp».

Av rundt 600 barneskular som melde seg på i konkurransen, vart det trekt ut ti skular som vann 5000 kroner kvar. Myrkdalen skule var ein av dei heldige vinnarane! Premien vart overreikt av IHM på skulen sin morgonsamling 27. januar. Elevar og lærarar hadde sett saman eit flott program med både brette- og sorteringskonkurransar i tillegg til fleire fine songar. Kva pengane skulle brukast til, var ennå ikkje bestemt, men rektor Kåre Ulvund gav lovnad om at elevane skulle få vere med på å bestemme. IHM gratulerar!

ellen@ihm.no

*Humør og innsatsvilje på topp!
Fv. Håvard Kvarme Ure,
Geir Reistad Afdal, Ingrid Kvarme
Ure, Øystein Skjervheim, Linda
Selland Norekvål og Christine Vinje.*



Foto: Ellen T. Astrup

EE-avfall: Innsamling av små- apparat skyt i veret!

Dei siste par åra har El-retur sett fokus på innsamling av småapparat som til dømes mobiltelefonar, fotoapparat, elektriske tannbørstar, små hushaldsapparat, klokker og ur. Slike apparat inneheld miljøgifter og kan utgjere ein trussel for miljøet dersom dei hamnar på avvegar.

Du kan levere småelektronikk gratis til forhandlarar som sel slike produkt, eller til miljøstasjonen i kommunen. Produkta vert då teke hand om på ein miljørett måte.

I snitt leverte kvar innbyggjar i Hordaland nesten 13 kilo EE-avfall i 2004. Øvst på landsstatistikken ligg Vest-Agder med 15,6 kilo per innbyggjar. [Sjå www.elretur.no](http://www.elretur.no)

ellen@ihm.no

Granvin og Ulvik: Utsending av renovasjonsgebyr frå IHM

Granvin og Ulvik herad har bestemt at frå i år skal Indre Hordaland Miljøverk overta innkrevjing av renovasjonsgebyr, på vegne av heradet. Dette vert ei spanande utfordring for oss, og vi vonar at du som abonnent ikkje vil merke for store endringar.

Kva vil dette bety for deg som abonnent?

- Rekninga for renovasjonsgebyr vil kome på eiga rekning, sendt ut av IHM
- Det vert utsending to gonger pr. år, mars og september, med forfall rundt 1.april og 1.oktober
- Dersom du har spørsmål til rekninga, abonnementet ditt ol, må du ta kontakt med oss på IHM
- Melding om nye abonnement, endring av abonnement, eigarskifte, søknad om fritak etc. må sendast til IHM



Heradet vil framleis ha ansvaret for td. utkøyring av avfallsdunkar på same måte som i dag.

Vi vil gjere vårt beste for at opplysningane i abonnementsregisteret vårt vert så rette som mogeleg, men vi gjer merksame på at det likevel kan snike seg inn feil i fyrstninga. Vi vil difor be deg sjekke rekninga nøye og gje oss tilbakemelding dersom noko ikkje stemmer.

helen@ihm.no

Indre Hordaland Miljøverk arbeider med kommunale renovasjonsordningar og miljøvenleg avfallshandsaming i desse kommunane



EIDFJORD
KOMMUNE



GRANVIN
HERAD



JONDAL
KOMMUNE



ULLENSVANG
HERAD



ULVIK
HERAD



VOSS
KOMMUNE